

Kommunal plan for
Inkluderande barnehage- og skulemiljø
2018 - 2020

«Å vera med og å høyra til»



Luster kommune

- ⚙ *Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing.*
- ⚙ *Personalet skal fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik.*
- ⚙ *Personalet skal førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster.*

Rammenlan for barnehagen

Trygge læringsmiljø vert utvikla og oppretthalde av tydelege og omsorgsfulle vaksne i samarbeid med elevane. Dei tilsette på skulen, foreldre og føresette og elevane har saman ansvar for å fremje helse, trivsel og læring, og for å førebyggje mobbing og krenkingar.

Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa

Føreord

Alle kommunane i Sogn er i 2018 og 2019 med i pulje to i det toårige nasjonale prosjektet *Inkluderande barnehage- og skulemiljø* (2018 og 2019). I samband med dette prosjektet er det utarbeidd ein regional plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø i Sogn. Tidlegare har Sogn regionråd vedteke *Regional plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge* (desember 2016). Desse to planane saman med føringane i rammeplan for barnehage, overordna del – verdi og prinsipp for grunnopplæringa, barnehagelova og opplæringslova, er den formelle overbygninga for Luster kommune sin lokale plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø.

Førebygging av mobbing og skaping av eit inkluderande læringsmiljø prega av tryggleik, tilhøyrslø og trivsel, er sentrale oppgåver både i barnehage og skule. den profesjonelle vaksenrolla, systematisk arbeid med haldningar både hjå barn og vaksne, inkludering i leik og det å ha eit blick for det sosiale samspillet i barne-/elevgruppa, er viktige felleselement og tema. Det dreier seg om at vaksne må vera medvitne og observante, om å skapa gode vilkår for eit sosialt fellesskap og eit inspirerande læringsmiljø for alle.

Mål

Det overordna lokale målet for arbeidet med inkluderande barnehage- og skulemiljø i Luster kan samanfattast i denne korte setninga:

«Å vera med og å høyra til»

Val av innhald

Deltakinga i det nasjonale prosjektet *Inkluderande barnehage- og skulemiljø* føreset at det skal skje ei kompetanseheving blant tilsette og ei kapasitetsbygging innafor organisasjonen når det gjeld tema som avdekking og handtering av mobbing, førebygging og inkludering. I prosjektet er det lagt opp til både nasjonale samlingar kvart semester, regionale nettverk og lokalt arbeid både i leiargruppene og i den einskilde barnehage og skule. Temaet barnehage- og skulemiljø er omfattande, og det er difor heilt naudsynt å gjera nokre avgrensingar når det gjeld kva innhald satsinga skal femna om i prosjektperioden.

I skjemaet nedanfor er kjernekomponentane – dei sentrale innhaldselementa – i prosjektperioden i Luster lista opp. Noko er felles både for barnehage og skule medan noko er særskilt for dei to institusjonane, mykje fordi lovverket i barnehage og skule er ulikt og fordi det vil vera andre typar tiltak i barnehage enn i skule.

<i>Inkluderande barnehage- og skulemiljø i Luster 2018 og 2019</i>	
<i>Felles</i>	<ul style="list-style-type: none">⚙ <i>Grunnleggjande temaforståing</i><ul style="list-style-type: none">• <i>sårbare barn i barnehage og skule / risikofaktorar for den psykiske helsa</i>• <i>kva fremjar eit inkluderande og psykisk helsefremjande miljø</i>• <i>kva er mobbing og krenkingar i barnehage og skule</i>⚙ <i>Vaksenrolla og relasjonsbygging</i>⚙ <i>Godt samarbeid mellom heim – barnehage/skule</i>⚙ <i>Observasjon og tiltak</i>
<i>Skule</i>	<ul style="list-style-type: none">⚙ <i>Aktivitetsplikta etter kap. 9A i opplæringslova og handtering av ulike former for mobbing og krenkingar</i>

Omgrepet mobbing i barnehage og skule

Det er ulike faglege syn på mobbing og korleis omgrepet bør definerast. Ofte vert mobbing mest knytt til barn i skulealder. Mobbing kan også skje i barnehagen, men då kan mobbinga arta seg noko annleis enn i skulen og kanskje vera vanskelegare å oppdaga. Professor Ingrid Lund ved Universitetet i Agder omtalar mobbing i barnehage som kjensler på ville vegar; som sosiale prosessar på avvege. Saman med kollegaer har Lund laga ein ny definisjon for mobbing i barnehagen som i større grad vektlegg tilhøyrsløse:

Definisjon på mobbing i barnehage

«Mobbing av barn er handlingar frå vaksne og/eller barn som hindrar opplevinga av å høyra til, å vera ein betydningsfull person i fellesskapet og moglegheit til medverknad».

Lund, Kovac & Helgeland, 2017

I opplæringslova kap. 9A er det slått fast at det i skulen skal vera nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulane i Luster gjennomfører årleg både Elevundersøkinga – utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og obligatorisk for 7. og 10. trinn – og Spekter, eit kartleggingsverktøy og ressurs frå Læringsmiljøsentret. Nedanfor er definisjonane på mobbing i desse to undersøkingane sitert:

Definisjon på mobbing i skulen - Elevundersøkinga

«Med mobbing meiner vi gjentekne negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein elev som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. Mobbing kan vera å kalla ein annan stygge ting og erta, halde ein annan utanfor, baksnakka eller slå, dytta eller halda fast.»

Utdanningsdirektoratet, 2016

Definisjon på mobbing i skulen - Spekter


«Mobbing er vonde handlingar som utestenging, ryktespreiing, erting eller dytting, slag og spark mot ein som ikkje kan forsvare seg.»

Læringsmiljøsentret

Eit inkluderande læringsmiljø – tryggleikssirkelen

Fremjing av eit positivt og inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule er berejvelken i dette prosjektet. I det førebyggjande arbeidet er trygge og gode relasjonar, anerkjenning, meistring, fellesopplevingar og forhindring av utestenging nøkkelord. Dialog og godt samarbeid mellom barnehage/skule og heimen er også ein viktig faktor i det førebyggjande arbeidet.

Skulehelsetenesta og barnehagane har i 2017-2018 hatt eit samarbeidsprosjekt om rådgjevingskurs for føresette basert på den såkalla tryggleikssirkelen (Circle of Security – COS). Målsetnaden med kursa er at foreldre skal få konkrete verktøy til betre å forstå kva behov barnet har, kva signal det gjev og kva foreldre kan gjera for å møta desse behova på ein betre måte. Tankegangen og verktøya i denne modellen har også overføringsverdi til arbeidet i barnehage og skule knytt til sosial kompetanse og korleis skapa tilknytning og gode relasjonar både mellom dei vaksne og barna og mellom barna.



Målgrupper

I og med at dette prosjektet først og fremst dreier seg om kompetanseheving i barnehage og skule, er personalet på einingane den viktigaste målgruppa. Når det gjeld handtering av mobbing, er gjerne skulehelsetenesta, og somme gonger også PP-tenesta, sentrale støtte-spelarar. Difor er også desse hjelpetenestene ei målgruppe. Vidare er både elevar og føresette ei målgruppe. Elevane og føresette skal vera informerte om at inkludering og førebygging av mobbing er eit sentralt satsingsområde for oppvekstsektoren i Luster i 2018 og 2019. Denne forankringa er også viktig overfor barnehageeigar og skuleeigar; dvs. politisk nivå – kommunestyret.

Organisering og verkemiddel

Kompetanseheving innanfor dei sentrale innhaldselementa nemnd ovanfor, er kjerna i satsinga på *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*. Viktige faktorar er trening, rettleiing og administrativ støtte. Trening dreier seg om t.d. gjennomgang av døme, lesing av teori og refleksjonar over denne, øving på bestemte metodar – t.d. metodikken *Innblikk* – og korleis dette vert omsett til ein forbetra praksis. Rettleiing er til dømes innspel, refleksjonar og erfaringsdeling undervegs i treninga. Administrativ støtte er til dømes oppfølging frå skuleeigar, ressursbruk (t.d. avsette midlar til lokale ressurspersonar) og motivasjon. I alle utviklingsarbeid er god leiing avgjerande.

Viktige verkemiddel i prosjektperioden:

- Forankring av prosjektet i kollegia, elevråda, i foreldregruppa og på politisk nivå
- Deltaking på nasjonale samlingar vår og haust
- Fagleg samarbeidsavtale med Læringsmiljøsentret og Høgskulen på Vestlandet
- Regionale og lokale ressurspersonar i både barnehage og skule
- Regionale nettverkssamlingar vår og haust i 2018 og 2019
- Fagøktar på regionale planleggingsdagar for barnehage og skule samt leiarsamlingar
- Oppfølging av innhaldet på nettverkssamlingane på den einskilde eining
- Lokalt fagnettverk skulemiljø med rektorar, nøkkelpersonar ved kvar skule, helsesystre
- Lokalt fagnettverk barnehage med styrarar, assisterande styrarar og pedagogar
- Barnehagebasert- og skulebasert kompetanseheving; dvs. bruk av utviklingstid / personalmøte til trening på sentrale tema og problemstillingar på kvar eining
- Delingsplattform for skulemiljønettverket i Office 365 (eiga Teams-side)
- Tverrfagleg samarbeid med særleg helsestasjon og PPT om temaet inkludering og førebygging av mobbing
- Inkludering og førebygging av mobbing som tema på foreldremøte i barnehage og skule
- Temakveld for lagleiarar og trenarar om idretten si rolle i kampen mot mobbing
- Ope foreldremøte med mobbing og inkludering som tema

Regional og kommunal aktivitetsplan 2018 - 2019

Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBOS) – pulje 2

I tillegg til aktivitetane nedanfor kjem fagøktar og erfaringsdeling på rektor- og styrarmøter.

DATO	AKTIVITET	DELTAKARAR
16.-17.01.2018	Første samling nasjonalt – Gardermoen Pulje 2 - IBOS	Kommunal gruppe m/ kommunalsjef, rektor, ass.styrrar
09.03.2018	Første regionale samling – Sogndal Nettverk Psykisk helse Tema: Tilknytning i barnehage og skule Foredrag: psykolog Tommy Sotkajærvi	Tilsette i barnehage og skule, PPT, helsetasjon, barnevern
14.08.2018 04.09.2018	Modul 3 regional plan psykisk helse: Om kjensler – ved psykolog Magnus Lia	Barnehagane i Luster
15.08.2018	Fagøkt regional planleggingsdag skule Tema: Mobbing - Observasjon Foredrag: Tove Flach, Læringsmiljøsentret	Lærarar og skuleleiarar, kommunalsjef
12.-13.09.18	Andre samling nasjonalt – Gardermoen Pulje 2 - IBOS	Kommunal gruppe m/ kommunalsjef, bhg.konsulent, rektor, sos.lærar
24.-25.09.18	Regional leiarsamling – Bergen Tema: Endringsleiing Foredrag: Ingrid M. Løkken og Hanne Jahnsen, Læringsmiljøsentret Tema: Landsbyen mot mobbing. Om prosjektet «Trygg i Fjell» Foredrag: Marianne Gjerstad og Guttorm Helgøy, Fjell kommune	Kommunalsjef, bhg.konsulent, rektorar, styrarar, ass.styrrarar Styrrarar, ass. styrrarar, bhg.konsulent
08.10.2018	Fagøkt regional planleggingsdag barnehage Tema: «Mobbing og begynnande mobbeåtferd» Foredrag: Ingrid M. Løkken Tema: «Barndommen varer livet ut» Foredrag: Familieterapeut Frode S. Eikum	Tilsette i barnehagane
19.10.2018	Lokalt fagnettverk skulemiljø – Gaupne Tema: Arbeid med lokal plan, førebygging av mobbing, observasjon og tiltak	Kommunalsjef, rektorar, nøkkelpersonar / PALS-team, lokal ressursperson, helsesystre
29.10.2018	Fagøkt om mobbing – skule – Gaupne Ved Guttorm Helgøy, Fjell kommune - Om Trygg i Fjell og beredskapsteam - Utestenging - Heim-skule-samarbeid Temakveld: Idrettens rolle i kampen mot mobbing Ved Guttorm Helgøy, Fjell kommune	Kommunalsjef, rektorar, PPT, nøkkelpersonar / PALS-team, lokal ressursperson, helsesystre, Idrettsrådet, lagleiarar, trenarar
31.10–01.11. 2018	Regelverksamling – Fylkesmannen – Skei Tema: «Sjå barnet innanfrå» Foredrag: psykolog Stig Torsteinson	Oppvekst, rektorar, styrarar, PPT

	Tema: Om prosjekt i Lørenskog - Styrking av lærarens relasjonskompetanse Ved: psykolog Inger Marie Andreassen og rektor Marianne E. Kolobekken	
07. 11.2018	Andre regionale samling – Sogndal (Nettverk tilpassa opplæring) Tema: Frå observasjon til tiltak Kurshaldarar: Ingrid M. Løkken og Hanne Jahnsen, Læringsmiljøsentret	Kommunalsjefar, rektorar, styrarar, tilsette i skule og bhg, helsesystre, PPT
14.-15.11. 2018	Barnehagekonferansen 2018 – Alexandra Tema: Ein rammeplan – heile barnet Fagøktar: - Språk, leik og inkludering v/ Malin Silkstone, Statped Vest - Livsmeistring v/ Line Melvold - Det informerte hjertet v/ M. Raundalen	Oppvekst, barnehageleiarar, tilsette i barnehage
23.11.2018	Arbeidsmøte nøkkelpersonar skulemiljø	Kommunal ressurslærer IBOS, nøkkelpersonar
02.01.2019	Regionalt nettverk SFO-tilsette, Sogndal Inkluderande skulemiljø og mobbing	SFO-tilsette
15.-16.01. 2019	Tredje samling nasjonalt – Gardermoen Pulje 2 - IBOS	Kommunal gruppe
Januar 2019	Lokalt fagnettverk skulemiljø med deltaking av Guttorm Helgøy	Kommunalsjef, rektorar, nøkkelpersonar / PALS-team, lokal ressursperson, helsesystre
07.03.2019	Tredje regionale samling – Sogndal (Nettverk for psykisk helse)	Kommunalsjefar, rektorar, styrarar, tilsette i skule og bhg, helsesystre, PPT
Mars 2019	Lokalt fagnettverk barnehage	Styrarar, ass.styrarar, pedagogar
14.08.19	Fagøkt regional planleggingsdag skule Ved Læringsmiljøsentret	Lærarar og skuleleiarar, kommunalsjef
Sept. 2019	Fjerde samling nasjonalt – Gardermoen Pulje 2 - IBOS	Kommunal gruppe
Sept. 2019	Regional leiarsamling barnehage og skule	Kommunalsjef, bhg.konsulent, rektorar, styrarar, ass.styrarar
07.10.2019	Fagøkt regional planleggingsdag barnehage Ved Læringsmiljøsentret	Tilsette i barnehagane
Oktober 2019	Lokalt fagnettverk skulemiljø	Kommunalsjef, rektorar, nøkkelpersonar / PALS-team, lokal ressursperson, helsesystre
November 2019	Lokalt fagnettverk barnehage	Styrarar, ass.styrarar, pedagogar
November 2019	Fjerde regionale samling – Sogndal (Nettverk tilpassa opplæring)	Kommunalsjefar, rektorar, styrarar, tilsette i skule og bhg, helsesystre, PPT